

Til Kirkerådet

Fra

Sokneprest i Ålhus og Helgheim sokn, Silje Sørebo

Kantor i Ålhus og Helgheim sokn, Rune Molvik

Soknerådsleiar i Helgheim sokn, Astrid Felddt

Soknerådsleiar i Ålhus sokn, Marta Fimreite

### **Høyringsvar om Justering av hovudgudstenesten**

På grunn av at denne høyringa var gjort lite kjent, har vi ikkje hatt tid å behandle høyringa i heile sokneråda. Dette svarer er difor frå prest, kantor og soknerådsleiarar i Jølster.

Før vi svarar på nokre høyrings spørsmål, ynskjer vi å komme med ein generell kommentar til forslaget om Justeringar i hovudgudstenesta. Ut frå forslaget er det for oss uklart uklart korleis det er tenkt med gudstenester som er spesielt tilrettelagt for barn. Er det slik at alle ledd som blir bestemt at skal vere med i hovudgudstenesta, også må vere med i desse gudstenestene (t.d dagens bønn)? I dag har vi ei ordning der vi ved slike gudstenester har ei kortare og enklare gudsteneste (vi har t.d ikkje hallelujavers, vi har ferre tekstlesingar, vi nattverdsligurgi for særskilte anledningar). Vi syns det er veldig viktig at dei nye justeringane framleis vil gje rom for slike gudstenester der ikkje alle ledd er med og som har ei enklare form.

### **Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovudgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?**

Vi er ikkje einige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovudgudstjenester. Vi trur mange kyrkjelyder har god erfaring med bruk av samlingsbøn og opplever dette som ein god inngang til gudstenesta der vi blir medvitne at vi kjem saman for Guds andlet og ber om å bli åpne for det som Gud vil gje oss i dag i gudstenesta. Mange kyrkjelyder vil truleg halde fram med samlingsbøn også etter dei nye justeringane. Dersom vi også skal ha dagens bønn etter samlingsbøn, syndvedkjenning, kyrie og gloria blir det ein litt framtung gudsteneste med mange bøner etter kvarandre. Vi meiner difor at dette bør vere slik det er no, at dersom vi velgjer å halde fram med samlingsbøn, har vi lov til å utelate Dagens bønn.

### **Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?**

Dette er for så vidt greit, men slik dette er omtalt i høyringsdokumenta, verker det som at nattverden alltid skal skje under ein takkoffersalme (salme før nattverd). I mange kyrkjelyder er det tradisjon for at takkofferet skjer ved at vi går rundt alteret (medan organisten speler), deretter ber vi bøna for takkofferet og vi syng så salme før nattverd. Dersom takkofferet skal skje under takkoffersalmen, vil takkofferet bli tatt opp i benkeradene. Vi lurar difor på om det då ikkje lenger skal vere mogeleg å ta opp takkofferet rundt alteret når det er nattverd? Vi trur i så fall at det kan vere noko som mange i kyrkjelydane, i alle fall i våre kyrkjelyder i Jølster, vil sakne, og tenkjer difor at dette framleis kunne vore valfritt.

## **Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/altersranken?**

Vi synes å sjå i våre kyrkjelyder at bruk av intinksjon som utdelingsform er med å bygge ned terskelen til nattverden. Nokre i kyrkjelyden kan uttrykke at dei saknar knelinga når det har vore mykje intinksjon. Dette kan løysast med å variere utdelingsform. Men vi trur det er viktig å arbeide vidare med å finne måter å feire nattverd i gudstenesta på som kan bidra ytterlegare til at terskelen til å delta i nattverdsmåltidet vert lågare. Nokre menneske i vårt distrikt kan ha eit så anstrengt forhold til nattverden at dei let vere å gå til gudsteneste viss dei veit at det skal vere nattverd. Og det hender at menneske fortel om ubehag som dei kjenner ved nattverden. Dette kan f.eks gå ut på at dei som sit i kyrkja og ikkje går til nattverd, kjenner eit ubehag ved at dei tenkjer at folk legg merke til at dei sit att. Dei som går fram kan også kjenne ubehag ved at dei føler at alle ser at dei går fram. På grunn av desse sosiale tersklane, kan det difor vere fint at det er litt rørsle i rommet under nattverden og at det også er tilbod om å delta i andre praksisar enn nattverden. Dette kan gjerast med at ein legg til rette for nokre bønestasjonar under nattverdsmåltidet. På den måten blir det ikkje så synleg kven som går fram og ikkje, og dei som ikkje ynskjer å gå til nattverd, føler seg kanskje ikkje så utanfor fordi dei då har tilbod om å delta på andre måter.

Vi er difor ikkje samd med det forslaget som ligg i Justeringar av hovudgudstenesta om at det ikkje skal vere lov med bønemandring under nattverdsmåltidet. Det står i forslaget at enkeltmenneske kan velgje å tenne lys e.l, men at ein ikkje skal legge opp til bønemandring. Vi er ueinige i dette, vi trur derimot at det er kjempe viktig at vi jobber vidare med å finne måter å feire nattverd på som gjer at ikkje kyrkjelyden opplever det veldig anstrengt og vanskeleg og at folk held seg borte frå gudstenesta på grunn av nattverden. Det å ha bønemandring og nattverd i lag kan vere ei god løysing i f.eks familie-gudstenester der det er ein del inviterte som vanlegvis ikkje går til kyrkje.

Vi har hatt erfaringar med bønemandring og nattverd der det ikkje har fungert. Grunnen har då f.eks vore at det har vore veldig mykje folk og for mange bønestasjonar, noko som har gjort at det har blitt kaotisk. Men vi opplever at det å nokre gonger ha nattverd i lag med eit par- tre stasjonar (t.d lystenning, bønelappar eller dåbspåminning) kan fungere godt. No kan ein hevde at kyrkjelyden jo gjerne kan tenne lys i lysgloben under nattverden utan at liturg treng å oppfordre til det, men ofte vil det vere slik at dersom det er mange i kyrkja som ikkje er veldig godt vande med kva som er mogeleg å gjere i kyrkjerommet, så vil dei trenge ei oppfordring og tilrettelegging for å ta i bruk desse praksisane. Det å ha bønemandring under nattverd i staden for å ha ein eigen forbønsdel, vil også kunne gjere at ein kan ha nattverd under familie-gudsteneste utan at gudstenesta blir for lang. Vi trur difor at ein «moderat» bruk av bønemandring i lag med nattverden kan fungere godt i enkelte gudstenester, og vi meiner at kyrkja sentralt må oppfordre til og ha tillit til at kyrkja lokalt kan finne gode måter å gjere dette på.